

Møtebok for Fellesnemnd

Møtedato: 01.10.2018

Møtested: Meland rådhus

Møtetid: 12:00 - 13:45

Frammøtte medlem	Kommune	Parti	Rolle
Jon Askeland	Radøy møtte i sak 56/48	SP	Medlem
Kenneth Taule Murberg	Radøy	H	Meldem
Kirsti Gjetle Floen	Radøy	AP	Medlem
Jostein Borlaug	Radøy	AP	Medlem
Øyvind Oddekalv	Meland	AP	Leiar
Nils Marton Aadland	Meland	H	Medlem
Øyvind Bratshaug	Meland	FRP	Medlem
Sølvi Knudsen	Meland	SP	Medlem
Anne Grete Eide	Meland	AP	Medlem
Marit Samnøy Jøssang	Meland	KRF	Medlem
Astrid Aarhus Byrknes	Lindås	KRF	Nestleiar
Leif Hosøy Sleire	Lindås	KRF	Medlem
Asle Hetlebakke	Lindås	KRF	Medlem
Nina Bognøy	Lindås	AP	Medlem
Anna K. Valle	Lindås	SP	Medlem
Nina Stabell Øvreås	Lindås	FRP	Medlem
Karl Vågstøl	Lindås	H	Medlem
Sveinung Toft	Lindås	V	Medlem

Forfall meldt frå medlem:	Kommune	Parti	Rolle
May Britt Vågenes Gjerde	Radøy	SP	Medlem
Bjarte Vatnøy	Lindås	FRP	Medlem

Frammøtte varamedlemmer	Kommune	Parti	Erstatter medlem
Roy Bø	Radøy	FRP	May Britt V. Gjerde
Øystein Moldeklev	Lindås	FRP	Bjarte Vatnøy

Andre møtande:

Hogne Haugsdal-programkoordinator, Ingunn Gjærde-trainee, Martin W Kullid-
ass.programansvarleg, Silje Andvik Hoaas-leiar programkontoret, Tove Mette Arnø
Fyllingen-sekretær, Ørjan Raknes Forthun-programansvarleg

Sakliste

Saknr	Tittel
051/18	Godkjenning av innkalling og saksliste
052/18	Godkjenning av møteprotokoll
053/18	Kommunevåpen for Alver kommunune
054/18	Kommunestyre- og fylkestingsval 2019
055/18	Rapport 2. tertial 2018, budsjett for fellesnemnda prosjektperioden 2017-2020
056/18	Melding/orientering til fellesnemnda 01.10.2018

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
051/18	Fellesnemnd	PS	01.10.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/2699

Godkjenning av innkalling og saksliste

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

Fellesnemnd - 051/18

FN - behandling:

Sak 053/18 vert handsama som siste sak i møtet. Ingen merknader, samrøystes.

FN - vedtak:

Innkalling og saksliste vert godkjent

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
052/18	Fellesnemnd	PS	01.10.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/2699

Godkjenning av møteprotokoll

Vedlegg :

Protokoll - Fellesnemnd - 03.09.2018

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Møteprotokollen vert godkjent

Fellesnemnd - 052/18

FN - behandling:

Sak adresseendring vert fylgjande tekst lagt inn:

Adresserparsellar me tilrår skal få nye adressenavn no, vil verte lagt fram for godkjenning i kvar enkel kommune.

Møteprotokollen vart godkjent med endring, samrøystes.

FN - vedtak:

Møteprotokollen, med endring, er godkjent.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
053/18	Fellesnemnd	PS	01.10.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Silje Andvik Hoaas	17/2324

Kommunevåpen for Alver kommunune

Vedlegg :

Alver kommune våpen final

Prosjektgruppa sitt framlegg til vedtak

Fellesnemnda vedtar prosjektgruppa sitt framlegg til nytt kommunevåpen for Alver kommune.

Fellesnemnd - 053/18

FN - behandling:

Sak med innstilling frå prosjektgruppa vart lagt fram i møtet.

Innstillinga vart vedteke mot 1 røyst (S.Hauge - Lindås - Ap)

FN - vedtak:

Fellesnemnda vedtar prosjektgruppa sitt framlegg til nytt kommunevåpen for Alver kommune.

Saksopplysningar:

Saka skal til endeleg avgjerd i fellesnemnda.

Bakgrunn

«Identitet, symbol og felles kultur» er eit politisk hovudprosjekt i programperioden til Alver kommune. Utarbeidning av nytt kommunevåpen for Alver kommune er eitt av resultatmåla til prosjektet, som etter dette skal arbeide vidare med ordførarkjede.

Mandatet til prosjektet vart godkjent av fellesnemnda 4. desember 2017 og byggjer på føringar frå både intensjonsavtalen og styringsdokumentet.

Prosjektgruppa består av fem medlemmer frå fellesnemnda:

- Nils Marton Aadland, prosjektleiar
- Nina Stabell Øvreås
- Kirsti Gjetle Floen
- Asle Hetlebakke
- Sølvi Knudsen

Vurdering

Det nye kommunevåpenet er resultat av ein prosess med brei medverknad og stort engasjement. Prosessen har vore todelt:

1. Ein open medverknadsprosess på tema
2. Ein designkonkurranse på kommunevåpenet

Våren 2018 inviterte prosjektgruppa til å komme med innspel på tema til kommunevåpenet. Skular og barnehagar i Lindås, Meland og Radøy vart spesielt inviterte til å delta. Responsen var svært god. Meir enn 270 ulike forslag, både teikningar og tekst, kom inn til prosjektgruppa.

Forslaga vart løfta inn til diskusjon i eitt fellesmøte for eldreråda i dei tre kommunane, eitt fellesmøte for ungdomsråda og eitt fellesmøte for råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Vidare vart forslaga løfta inn i ei referansegruppe, der to tema peika seg ut – bru og båt.

Dei to temaene danna grunnlaget for ei designkonkurranse, der prosjektgruppa bad profesjonelle grafikarar/designarar om å teikne forslag til nytt kommunevåpen. Fleire byrå deltok i konkurransen, men eitt forslag utmerka seg – eit alternativ der både bru og båt var med.

Fellesnemnda fekk sjå ei førebels skisse på alternativet med bru og båt i møtet 3. september. No har prosjektgruppa jobba vidare med detaljane i samråd med designaren og rådgjevarar på heraldikk.

Forslaget bryter regelverket for heraldikk: Brua er framstilt i perspektiv og går «innover i biletet» frå høgre til venstre. Det same gjer båten, som går i perspektiv frå venstre til høgre.

Prosjektgruppa har vurdert regelverket, men ønskjer å bryte med prinsippet om perspektiv og flatestil. Det er uansett slik at fellesnemnda har siste ordet og mynde til å vedta korleis kommunevåpenet til Alver kommune skal sjå ut.

Prosjektgruppa har hatt fokus på å finne dei «rette» symbola og meiner at bru og båt er viktige identitetsmarkørar for innbyggjarane i Lindås, Meland og Radøy. Både bruva og båten peikar bakover på ei felles historie. Samstundes er elementa så enkelt framstilt at dei også kan peike framover, og kan vere moderne symbol på dei som lever og bur i Alver kommune. Sånn sett meiner prosjektgruppa at kommunevåpenet vil vere ein god start på arbeidet med å skape ein felles identitet og kultur i Alver kommune, og stå seg i mange tiår framover.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
002/18	Valstyret Alver	PS	18.09.2018
054/18	Fellesnemnd	PS	01.10.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Tove Mette Arnø Fyllingen	18/1379

Kommunestyre- og fylkestingsval 2019

Vedlegg :

189509 Fastsetting av valgdag for kommunestyre- og fylkestingsvalget 2019 (L)(18)

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune ver halde på fastsett dag, mandag 9. september 2019.

Vallokala held ope frå kl. 1200 – kl.2000.

Valstyret Alver - 002/18

VA - behandling:

Programansvarleg sitt framlegg vart samråystes vedteke.

VA - vedtak:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune ver halde på fastsett dag, mandag 9. september 2019.

Vallokala held ope frå kl. 1200 – kl.2000.

Fellesnemnd - 054/18

FN - behandling:

Innstilling frå valstyret vart samråysts vedteke

FN - vedtak:

Kommunestyre- og fylkestingsvalet i Alver kommune ver halde på fastsett dag, mandag 9. september 2019.

Vallokala held ope frå kl. 1200 – kl.2000.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i valstyret
Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Bakgrunn

Valdagen for kommunestyre- og fylkestingsvalet 2019 er fastsett til 9.september.
Med heimel i vallova § 9-2 kan kommunestyret sjølv gjera vedtak om at det på ein eller fleire stader i kommunen skal haldast val og sundag før den offisielle valdagen.

I forskrift for gjennomføring av val i kommunar som er omfatta av grenseendring 1.1.2020 er det fastslått at det er fellesnemnda og ikkje kommunestyret som kan gjera vedtak om to-dagarsval.

Radøy, Meland og Lindås har ikkje avvikla val over to-dagar.

Det har vore forska på effekten av to-dagers val - Institutt for samfunns-forskning har uttrykt følgende; «*En studie har sett i detalj på dette, og den er basert på alle norske kommuner ved stortingsvalget i 1997 (Christensen og Midtbø2001 i NOU 2001:3 Velgere, valg-ordning, valgte).* Studien viser at søndagsåpne stemmelokaler ikke har noen positiv effekt på valgdeltakelsen. Antallet stemmelokaler (kontrollert for antallet velgere) har heller ingen effekt nasjonalt. Forskningen avdekker ikke noe om endring over tid, det vil si effekten for valgdeltakelse i en kommune å gå fra å gjennomføre valg over to dager til ein dag (eller motsatt).

Det har vore ein nedgang i kommunar som har avvikla to-dagars val frå 2009.

Veljarar som førehandsrøyster har auka ved de siste vala. Tilrettelegging av førehandsrøystinga dekkjer behovet for to-dagars val med tanke på god valdeltaking.

Fellesnemnda kan gjera vedtak om at det berre nokre av lokala i kommunen skal ha to-dagers val.

Det er krevjande å få denne informasjonen ut til veljarane. Erfaringar visar at det vert utfordringar uansett kor godt ein informerer.

Eit to-dagars val krev og ein del ekstra ressursar, personal, organisatorisk og økonomisk. Det vert ekstra kostnadar knytt til godtgjersle til valfunksjonærar, IT, bevertning, reinhold, informasjon mm.

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
020/18	Fellesnemnd partsamansett utval	PS	27.09.2018
055/18	Fellesnemnd	PS	01.10.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Rapport 2. tertial 2018, budsjett for fellesnemnda prosjektperioden 2017-2020

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak:

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

Fellesnemnd partsamansett utval - 020/18

PSU - behandling:

Programansvarleg Ørjan Raknes Forthun orienterte om saka.
Meldinga vert teke til orientering, samråystes.

PSU - vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

Fellesnemnd - 055/18

FN - behandling:

Programansvarleg sitt framlegg vart samråystes vedteke.

FN - vedtak:

Fellesnemnda tek orienteringa til vitande, og godkjenn programansvarleg sitt framlegg til justert budsjett for programperioden.

Saksopplysningar:

Saka skal til innstilling i PSU

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Saksopplysningar

I tråd med fellesnemnda sitt vedtak i sak 025/17 rapporterer programansvarleg til fellesnemnda for nytta midlar i 2018 og justert budsjett for resterande programperiode.

Rekneskap er ført som avdelingsrekneskap i Lindås kommune, og inngår i kommunens reviderte

rekneskap. Det er delegert administrativt å justere budsjettet med inntil 25 %, utan politisk handsaming.

I hovudsak knyter endringane seg til at vi reknar med at meir av utgiftane kjem i 2019, og ikkje som tidlegare forventa, i 2018.

Arkivprosjekt: Det arbeidast med å innhente priser på arbeid knytt til dette, men dei er ikkje klare no. Det er difor framleis stor usikkerheit knytt til endeleg kostnad knytt til arkiv.

Inntekter: Det er ikkje endringar knytt til fellesnemndas inntekter.

Per andre tertial 2018 er det ikkje gjort administrative endringar i budsjett for 2018.

Framlegg til endringar, utanfor fullmakt:

Tillegg for arbeid i programorganisasjonen:

Kr 600.000,- av løvyingane vert flytta frå 2018 til 2019. Leiarane (nivå 1) er på plass frå februar/mars og september (nivå 2) 2018. Tillegg vert å betale ut året og i 2019.

Programkontor/prosjektbemanning: Kr 3,5 mill vert flytta frå 2018 til 2019. Større del av belastninga kjem i 2019, enn tidlegare berekna.

IKT og Digitalisering: Kr 4 mill vert flytta til 2019. Arbeid er starta, men større del av kostnadene påløper i 2019. Det er framleis stor usikkerheit knytt til endeleg kostnad.

Revidert budsjett:

Inntekter	R -2017		Oppdatert	B -2019	B - 2020	Sum
Eingongstønad	35 000					35 000
Reformstønad					20 000	20 000
Infrastrukturtiltak	5 000					5 000
Sum	35 000		-	-	20 000	60 000
Utgifter	R -2017	Opprinnelig budsjett - 2018	Prognose - 2018	Justert budsjett - 2019	Justert budsjett - 2020	Sum
Frikjøp tillitsvalde		400	200	800	200	1 200
Tillegg for arbeid i programorganisasjonen		1 000	400	2 100		2 500
Programkontor/prosjektbemanning		5 000	1 500	9 000	1 000	11 500
Arkivprosjekt		2 000	2 000	4 000		6 000
IKT og digitalisering		6 000	2 000	13 800	5 150	20 950
Ny heimeside - grafisk profil		500	500	500		1 000
Politisk styring og involvering/møtegodtgjersle	210	800	800	1 000		2 010
Informasjon, involvering og kulturygging		300	300	500	200	1 000
Informasjon, identitet og kulturygging		300	300	500	200	1 000
Møter og konferanser	80	270	270	400		750
Opplæring og kurs	200					200
Eksterne konsulenter (utanom programkontor)	1 690	2 000	1 500	2 500		5 690
Kyrkjelag fellesråd		600	600	600		1 200
Til uføresett						-
Infrastrukturtiltak		2 000	2 000	3 000		5 000
Sum	2 180	21 170	12 370	38 700	6 750	60 000
Balanse	32 820	-	21 170	-	38 700	13 250

SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
056/18	Fellesnemnd	PS	01.10.2018

Saksbehandlar	ArkivsakID
Ørjan Raknes Forthun	17/1868

Melding/orientering til fellesnemnda 01.10.2018

Vedlegg :

Alver kyrkjelege fellesnemnd - Vedtak om tenesteyting

Programansvarleg sitt framlegg til vedtak

Meldinga vert teke til orientering.

Fellesnemnd - 056/18

FN - behandling:

- Valstyret ved leiar Astrid Aarhus Byrknes.
- Næringsutvikling i Alver kommune – prosjekt ved programkoordinator Hogne Haugsdal
- Planarbeid mot Alver kommune - prosjekt ved programkoordinator Hogne Haugsdal
- Innpllassering tenesteleiarar - status ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Prosjektoversikt pr. 1. oktober ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- DigiAlver – status ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun
- Oppdatering av «alverkommune.no» ved trainee Ingunn Gjerde
- Alver kyrkjeleg fellesnemnd – vedtak om tenesteyting ved programansvarleg Ørjan Raknes Forthun.

FN - vedtak:

Meldinga er teke til orientering.

Saksopplysningar:

Saka skal avgjerast i fellesnemnda

Meldingar/orienteringar

- Valstyret
- Næringsutvikling i Alver kommune – prosjekt
- Planarbeid mot Alver kommune - prosjekt
- Innpllassering tenesteleiarar - status
- Prosjektoversikt pr. 1. oktober
- DigiAlver – status
- Oppdatering av «alverkommune.no»
- Alver kyrkjeleg fellesnemnd – vedtak om tenesteyting (sjå vedlegg)

